

FULL STØTTE TIL POLSTREIKEN !

FREDAG I FØRE VEKA FELTE ARBEIDSRETEN DOM I SAKA SOM GALT AVSKJEDEN AV HÅKON HØST. ARBEIDSRETEN GA SAMRØYSTES UTTRYKK FOR FULL STØTTE TIL LEIINGA VED VINMONOPOLET. LIKEVEL HELD STREIKEN FRAM.

I LØPET AV STREIKEN HAR ARBEIDARANE FÅTT STOR OPPSLUTNING FRÅ RESTEN AV FAGRØRSLA OG ANDRE ORGANISASJONAR. DENNE STØTTA MÅ TRAPPAST OPP !

Tidlegare i haust rauk Håkon Høst, som er hovudtillitsvald for produksjonsarbeidarane ved Vinmonopolet på Hasle i Oslo, opp i ein mindre krangel med ein arbeidsformann. Dette førte til at Høst blei forsøkt flytta frå arbeidsplassen sin i tapperiet til eit materiallager.

Denne forflyttinga på bakgrunn av ein bagatellmessig krangel blei sett på som ei medviten trakassering og forsøk på knebling av den tillitsvalde. Høst nekta å godta forvisninga og fikk full støtte i Arbeidarforeninga ved bedriften. Polleinga truga med at Høst ville bli avskjediga om han ikkje fulgte ordren. Arbeidskameratane hans sto fullt og heilt bak tillitsmannen sin og gikk ut i streik.

Streiken fikk raskt støtte i heile fagrørsla, men blei sjølv sagt dømt ulovleg av Arbeidsretten.

No har altså Arbeidsretten gitt Polleinga medhald i at dei hadde rett til å drive trakassering av tillitsmannen.

Vi er ikkje overraska. Arbeidsretten er ikkje eit nøytralt organ som står over klassane, men ein reidskap for borgarskapet. All erfaring viser at den såkalla nøytrale Arbeidsretten til liks med dei "nøy-

trale" valdgiftsdomstolane konsekvent gir arbeids"givarane" medhald og gjennomslag for sine krav.

Hovudavtalen mellom LO og NAF skal sikre såkalla arbeidsfred mellom tariffoppgjera. Samstundes skal den same avtalen sikre retten til å drive tillitsmannsarbeid. Dommen i denne saka viser heilt klart at borgarskapet kva tid som helst kan trakassere og sørge for å få fjerna tillitsfolk som dei ser på som brysame.

Dette er eit alvorleg angrep på arbeidsfolk og retten til å organisere seg.

Knusinga av fagforeiningar er eit hovudmål for borgarskapet i alle land. "Union busting" er blitt ein vanleg affære i land som USA og Stor-



britannia. Dommen i denne saka, og den nært beslekta Bilcosaka i Tromsø i fjor, viser at borgarskapet i Noreg ikkje har tenkt å ligge på latsida dei heller.

Ved å fjerne dei mest klasse-medvitne og kampvillige tillitsfolka ønsker NAF å svekke fagrørsla sin evne til å kjempe for eigne kår.

Dommen i Arbeidsretten viser kven det er som har makta i samfunnet. Det er borgarskapet som definerer kva som er rett og gale. Samstundes som arbeid-arane blir innpoda at dei må respektere avtaleverket, gir borgarskapet sjølv blaffen i alt som står i vegen for deira interessar.

Arbeidarane ved Polet har altså vedtatt at streiken skal halde fram heilt til Håkon Høst blir tatt inn att i stillinga si på tapperiet. Dei fortjener all muleg støtte i denne kampen. Denne streiken


dreier seg ikkje berre om einskildspersonen Håkon Høst, men om heile fagrørsla si framtid.

Vi er ikkje forbausa over at toppleiinga i DNA og LO no har gått ut mot streiken. Det faglege og politiske byråkratskiktet utgjer sjølv ein del av borgarskapet. DNA-folka Rolf Hansen og Tor Zachariassen sitt i Polstyret og har heile tida stått last og brast med resten av Styret.

Om arbeidsfolk skal kunne vinne fram med sine krav, må dei kjempe mot dei borgarlege lovene som svinebind dei. Om dei skulle vinne ein og annan konflikt, vil det dei har vunne like fort kunne bli tatt frå dei igjen så lenge vi lever i eit kapitalistisk samfunn. Berre om arbeidarklassen sjølv tar over makta og innfører sosialisme, vil dei kunne bli herrar over sin eigen arbeids-situasjon.

NKS VIL OPPFORDRE ALLE SANNE DEMOKRATAR TIL Å STØTTE POLARBEIDARANE FULLT UT I DENNE STREIKEN .

"TVERS IGJENNOM LOV TIL SEIER !"



NKS

norges kommunistiske studentforbund
er studentorganisasjonen til

AKP(m-l)